

---

**Fra:** Ivar Øvretvedt <Ivar.Ovretvedt@hfk.no>  
**Sendt:** 6. mai 2015 11:15  
**Til:** Postmottak Meland  
**Kopi:** oeyoev@online.no  
**Emne:** Kommentarer til endring av kommuneplanens arealdel, planID 125620100003

Meland kommune  
Postmottak  
Postboks 79, 5906 Frekhaug

Frekhaug

6.mai 2015

Dykkar ref: 14/458-15/7075


### Merknad til revidert framlegg til kommuneplanen sin arealdel, sak 23/15

Viser til mottatt varsel som grunneigar i to brev datert 10.4.2015, med høyringsfrist 6.5.2015. Varsla gjeld endringar i området langs Bustølvegen på Frekhaug, og område nord for Fv 465 mellom Frekhaug og Fosse.

Vi registrerer at området langs Bustølvegen er endra frå grønt=LNF til gult=bustadområde. Vi oppfattar at dette i stor grad synleggjer den status området har i dag. Vi vil likevel vera tydeleg på at vi ikkje ynskjer at det vert planlagt fleire bustader langs denne vegen. Vegen er ein viktig skuleveg på Frekhaug, er dels også ein rein gang- og sykkelveg, og bør difor ikkje påførast vesentleg meir biltrafikk.

Det undrar oss kvifor planen ikkje i større grad føl eigedomsgrenser. Våre eigendomar (24/8 og 24/36) er begge delt av ei grense mellom LNF og nytt bustadområde, der eksisterande bø fortsatt blir LNF. Vi kan difor heller ikkje sjå grunnlaget for at området for bustader er laga vesentleg breiare på nabobruket (g/b-nr 24/2), som i enno større grad er eigna til landbruksføremål.

Med bakgrunn i vår frykt for meir biltrafikk på vegen, og planens tydelege intensjon om å bevare delar av landbrukseigedomane som LNF, ville vi sett det som meir naturleg at grense mot gult område vart vidareført i fortsetting av linja over vår gard (g/b-nr 24/8) (sjå illustrasjon med raud strek i kartutsnittet under) også over g/b-nr 24/2. Vi ynskjer ikkje bustadbygging på bøen syd og sydvest for g/b-nr 24/36, og meiner det er vitig å skapa eit godt grønt rom mot elva.



Biletet illustrerer forslag til endra grense mellom LNF og Bustadområde på bruk 24/2, for i større grad enn planframlegget å bevare LNF-området mot Mjåtveitselva.

\*\*\*\*\*

Vi registrerer vidare at området nord for Fv456 mellom Frekhaug og Fosse er endra frå grønt=LNF til raudt=tenesteyting. Vi vil som deleigar av delar av arealet ikkje motsetja oss denne endringa, men ynskjer å påpeika at det må stillast strenge krav til bevaring av turvegar, vegetasjon og skog ved ei eventuell utbygging. Denne skråninga er viktig for Frekhaug sin grønne identitet, og mykje brukt som rekreasjonsområde for bebuarane på Frekhaug.

Med helsing

Reidunn og Øyvind Øvretvedt

Gards-/bruksnr: 24/8, 24/36 og 24/41